

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dato	05.03.2026
Vår referanse	2021/88601-25
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Arvid Hauge
E-post	Arvid.Hauge@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til melding om endring etter forenkla prosess for detaljreguleringsplan for gnr. 108 bnr. 6 m. fl., planID 4613 201803 Stavlandskleivane, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 05.02.26 om melding om endring etter forenkla prosess for detaljreguleringsplan for gnr. 108 bnr. 6 m. fl., planID 4613 201803 Stavlandskleivane, Bømlo kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å regulere mindre endring av vegføringar samt mindre justeringar av føremålsgrenser etter gjennomført grensepåvising og for å oppnå betre terrengtilpassing og tomteutnytting. Det er også gjort mindre tilpassingar av planeringshøgde og byggjegrænse mot turveg på tomt 24, samt nokre justeringar/presiseringar i føresegnene.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer meldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Planfaglege merknadar

Endringane det vert søkt om gjeld mindre justeringar av arealføremål innafor hovudrammene i gjeldande plan. Vestland fylkeskommune finn at justeringane ikkje vil ha nokre vesentlege verknadar for rammene i gjeldande plan og gjennomføring av denne.

Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturmiljøstyresmakt, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Reguleringsendringa vedkjem ikkje direkte kulturminneinteressene i planen som er godt forvalta gjennom forutgåande planprosess, men minner om at endringane i føresegn § 3.7.1. om opparbeiding av areal til leikeplass (BLK2) ikkje set til side krav til avklaring innafor omsynssone H570 i føresegn § 7.2.1.

Regional kulturmiljøstyresmakt i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknadar i saka utover å gjere tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst/skålgroper eller konstruksjonar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid på funnstaden stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Samferdsel

Ingen merknadar.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/>.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til planendingane som er søkt om, men minner om aktsemd i høve til eventuelle spor/funn av kulturminne under gjennomføring av tiltaket.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Arvid Hauge
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for NPI – næring, plan og analyse
Ørjan Neteland Dybvik, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing
Helene Moe, Tore Slinning, avdeling for KFO – kulturarv

Kopi mottakarliste

Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER